



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 05.09.2017
Tid: 14:00 – 15.50

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordfører	H
Helge Støylen	Varaordfører	TVP
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Jon Garen	Medlem	A
Kari Grønnevik	Medlem	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arnljot Muren	Medlem	A

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marion Flatøy Bringsvor	Arnljot Muren	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst. rådmann
Tove Cathrine Kvamme	konsulent

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 7

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 71/17	Skriv og meldingar	
PS 72/17	Skare havstue. Privat reguleringsplan	2017/945
PS 73/17	Gnr 29 Bnr 1 Marius Gunnarstein og Elise Myklebust. Dispensasjon frå kommuneplan	2017/625
PS 74/17	Gnr 63 Bnr 10 - Øystein Baade. Reguleringsplan for hyttefelt på Voksa	2016/929
PS 75/17	Etablering av slamavskiljar og utsleppsleidning i Gjerdsvika	2017/883
PS 76/17	Oppgradering av avlaupsleidning spillvatn Grønnevika på Larsnes	2017/882
PS 77/17	Omlegging av vassleidning i Myklebustmyrane	2017/950
PS 78/17	Sandstrand - Larsnesvika	2017/778
PS 79/17	Søknad om fri skuleskyss	2017/443
PS 80/17	Budsjettregulering OPK-sektor - fordeling av kutt	2017/953
PS 81/17	Forhandlingar etter HTA kap 3 og 5- 2017. Retningsgjevande ramme	2017/700
PS 82/17	Økonomirapport pr. 31. august 2017	2017/524
	Eventuelt	

PS 71/17
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Formannskapet :

Etter spørsmål frå Jon Garen, Ap vart det orientert om:

- Lokalisering Mørenett i Dragsund
- Lokalisering framtidig interkommunal legevakt
- Interkommunale samarbeid mellom Herøy, Vanylven og evt. Sande

VEDTAK:

Skrig og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 72/17
SKARE HAVSTUE. PRIVAT REGULERINGSPLAN

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av § 12-8 i Plan og bygningslova gir Sande formannskap samtykke til at det vert oppstarta arbeid med utarbeiding av ny reguleringsplan på Skare slik det går fram av søknad dat.17.8.2017 m/vedlegg.

Reguleringsplanen skal erstatte reguleringsplan Skare stadfesta 1966.

Planavgrensing mot naboeigedom mot aust må leggest til eigedomsgrense på land og sjø.

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljreguleringsplan i samsvar med § 12-3 i plan og bygningslova

PS 73/17
GNR 29 BNR 1 MARIUS GUNNARSTEIN OG ELISE MYKLEBUST.
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av § 19-2 i Plan og bygningslova gir Sande formannskap dispensasjon frå kommuneplanen for frådeling av ei bustadtomt på inntil 1,5 da frå gnr.29 bnr.1. Nærare vilkår vert fastsett ved frådeling av parsellen.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke .Nærare orientering om klage går fram av vedlegg til saka.

PS 74/17

GNR 63 BNR 10 - ØYSTEIN BAADE. REGULERINGPLAN FOR HYTTEFELT PÅ VOKSA

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga, med korrigering av pkt. 1.

VEDTAK:

Sande formannskap godkjenner framlegg til reguleringsplan for hyttefelt på Voksa M=1:1000 dat.17.07.2017 m/føresegner.

Framlegg til reguleringsplan m/førsegner og tilhøyrande saksdokument vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

PS 75/17

ETABLERING AV SLAMAVSKILJAR OG UTSLEPPSLEIDNING I GJERDSVIKA

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å etablere ny kommunal slamavskiljar på Hageselle i Gjerdsvika. Sjøleidninga tilknytta denne vert å fornye jfr kartskisse datert 01.08.2017. Oppgraderinga vert å gjennomføre i samsvar med saksutgreiinga.

Kostnaden med tiltaket på ca kr 700 000,- vert å finansiere over prosjekt 61 408 Avløpsplanen.

PS 76/17

OPPGRADERING AV AVLAUPSLEIDNING SPILLVATN GRØNNEVIKA PÅ LARSNES

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å oppgradere kommunal kloakkleidning i Grønnevika på Larsnes. Oppgraderinga vert å gjennomføre i samsvar med saksutgreiinga.

Kostnaden med tiltaket på ca kr 175 000,- vert å finansiere over prosjekt 61408 Avløpsplanen

PS 77/17

OMLEGGING AV VASSLEIDNING I MYKLEBUSTMYRANE

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre vedtek å legge om vassleidninga i Myklebustmyrane i ei strekning på ca 220 meter. Teknisk sektor får fullmakt til å inngå reviderte avtalar for ny leidningstrase.

Omlegginga vert å gjennomføre i samsvar med vedlagt leidningskart (1).

Kostnaden med tiltaket vert å finansiere slik det går fram av saksutgreiinga

PS 78/17

SANDSTRAND - LARSNESVIKA

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommune tek sikte på å ta imot tilbodet frå Einar Haugen m/fleire om ferdigstilling av sandstrand i Larsnesvika på Larsnes i henhold til skriv datert 30.06.2017.

Administrasjonen får i oppdrag å gjere ei ny vurdering av bryggeforholda for båttrafikken i Larsnesvika og legge fram saka på nytt på nyåret.

PS 79/17

SØKNAD OM FRI SKULESKYSS

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

1. Det vert sett opp kommunal skyss på strekninga Sandvika – Gursken skule på grunn av farleg/vanskeleg skuleveg.
2. Søknaden om fri kommunal skuleskyss for elev på Kvamsøy vert innvilga pga. vanskeleg skuleveg.
3. Kostnadene med dette er kr 90.000,- som vert å innarbeide i budsjettet.

PS 80/17**BUDSJETTREGULERING OPK-SEKTOR - FORDELING AV KUTT****Handsaming i Formannskapet :****Samr. som tilrådinga.****TILRÅDING:**

Det generelle kuttet i budsjettet for OPK-sektoren for 2017 på kr 1.499.328,-, som er ført som inntektspost på Ansv. 2510 – Grunnskule felles, vert nullt ut og fordelt slik på einingane:

Ansvar	Eining	Beløp reduksjon i ramme
252*	Gjerdsvika oppvekstsenter	162.247,-
2532	Haugelia	69.059,-
254*	Gursken oppvekstsenter	653.148,-
255*	Larsnes oppvekstsenter	259.595,-
256*	Sandsøy oppvekstsenter	180.522,-
257*	Kvamsøy oppvekstsenter	174.727,-
Sum		1.499.328,-

Einingsleiar fordeler kuttet i eige budsjett.

PS 81/17**FORHANDLINGAR ETTER HTA KAP 3 OG 5- 2017. RETNINGSGJEVANDE RAMME****Handsaming i Formannskapet :****Samr. som tilrådinga.****VEDTAK:**

Formannskapet viser til saksutgreiinga og vedtek å leggja til grunn ei økonomisk ramme på om lag 1,9 % pr 01.05.17 som retningsgjevande for lokale forhandlingar etter Hovedtariffavtalen kap 3 og 5 i 2017.

PS 82/17**ØKONOMIRAPPORT PR. 31. AUGUST 2017****Handsaming i Formannskapet :****Samr. som tilrådinga.****TILRÅDING:**

Sande kommunestyre tek Økonomirapport pr 31.august 2017 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer.

Til å skrive under møteboka saman med ordførar vart Ruth H. Rekdal og Marion F. Bringsvor valde.

Møtet slutt kl 15.50

Ruth H. Rekdal

Dag Vaagen

Marion F. Bringsvor

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 6. september 2017

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær